

Fra: Brit Lyslo <blyslo@online.no>
Sendt: tirsdag 4. juli 2023 01:09
Til: Post Austrheim
Emne: Klage på ulovleg hogst

Eg vil med dette rette ei formell klage til Austrheim kommune v/**kommunedirektør. Bjørnar Fjellhaug**, som gjeld ulovleg hogst på min eigedom.

Bakgrunn.

- Eg var bortreist 6. og 7. oktober 2021, og då eg kom heim, var samtlege lerk- og furutre mot vasstårnet jevna med jorda, og 7 - 8 av trea sto på min eigedom.
- Vasstårnet vart oppført etter at vi hadde bygd huset i aug. -75.
For å skjærme utsikta til det dominerande tårnet, planta vi for langt over 40 år sidan mange furu og lerk, og som vi hadde vedlikehalde fram til nå.
Tomten og huset med inngang, stove og hage vendande mot vasstårnet, er i så måte i ei særstilling i forhold til andre eigedomar i området.
- Inkludert dei trea som vart hogde på min eigedom, er området rundt vasstårnet no totalt sanert: Ingenting att av dei frodige trea, ingen ly for vind, ingen fuglekvitte.
- Denne saneringa har sterkt redusert min trivsel med å bu her, og eg betraktar det heile som ein klar forringelse av verdien på eigedomen.

Saksgang:

Eg tok med det same (okt. 2021) kontakt med kommunen v/Asbjørn Toft, som kom på synfaring. Han lovde å få planta 7- 8 store tre (1 1/2 - 2 m) furu og lerk, som skulle bestillast frå ein planteskule. Jord skulle tilførast kvart tre, og profesjonelle skulle plante.
Det vart mykje fram og attende, og resultatet så langt er at det vart planta 2 små lerk i 2022.

Etter purringar vart det gjort ei synfaring i mars 2023 med kommundir. Bjørnar Fjellhaug og ordførar Per Lerøy. Kommundir. lova då at det **skulle** bestillast og plantas 7 - 8 store furu og lerk før sommaren. Men til no har det ikkje skjedd noko.

Avslutning

Å hogge tre på annan sin eigedom er ei svært alvorleg sak som eg kunne ha gått vidare med.
Eg har vore svært tolmodig med kommunen si handsaming av saka. Eg har valt å tru på lovnadane som har vore gjevne om replanting som eit minimum-tiltak.

Kva skjer?

Imøteser eit snarleg svar
Med helsing
Brit Lyslo